



KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

dok 82
Kultur- og kirkedep.
Saksnr. 200800738 Dato 28.8.08
Kode Ki-501 Beh.

Kultur- og kyrkjedepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Postadresse:
Norheimsund kyrkje,
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND
E-mail: ingvard.teigland@kvam.kyrkjer.net
Telefon: 56 55 17 45 - Telefaks: 56 55 14 86
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:
inte/08-8-031

Dato:
27. august 2008

Høyring vedr. innstillinga: "Styrka demokrati i Den norske kyrkja"

Viser til Dykkar skriv datert 30.05.2008 vedr. ovannemnde sak.

Kyrkjeleg fellesråd i Kvam hadde møte 26.08.2008 der saka vart drøfta.

Uttalen frå fellesrådet vart samrøystes vedteken, og ligg som vedlegg til dette brevet.

Med helsing

Ingvard Teigland
kyrkjeverje

Vedlegg: Høyringsuttale til innstillinga: "Styrka demokrati i Den norske kyrkja"

”Styrka demokrati i Den norske kyrkja”

Innleiande vurderingar

Kyrkjeleg fellestråd i Kvam vil gjerne nytta retten til å uttale seg om arbeidsgruppa si innstilling.

Vi har forståing for at tidsramma for høyringa må vera stram, men vil minna om at dette også vil gjera det vanskeleg å få til ein god høyringsprosess i alle lokale organ i kyrkja. Mange sokneråd og kyrkjelege fellestråd har ikkje ordinært møte før svarfristen er ute.

Kyrkjeleg fellestråd i Kvam støttar gode tiltak som kan fremja demokratiarbeidet i Den norske kyrkja. Vårt syn er at dette tek tid å byggja opp. Det er viktig at kyrkja sine organ, både lokalt, regionalt og nasjonalt får reell avgjerdsmynde i saker dei er sett til å handsama. Kyrkjelova av 1996 gav den lokale kyrkja sine demokratisk valde styringsorgan nødvendig rettslig sjølvstende, men desse har framleis for lite reell mynde til å ta viktige avgjerder. Nasjonalt har Den norske kyrkje framleis ikkje status som eige rettssubjekt.

Kyrkjeleg demokrati er avhengig av tilgang på faglig og administrative ressursar som har kapasitet til å utgreia sakene tilstrekkelig før vedtak vert gjort, (jfr. krava til sakshandsaming i forvaltningslova.) Mange små kyrkjeadministrasjonar rundt om i landet (inkl. Kvam) kjenner på manglande ressursar på dette feltet.

Nedtrapping av det statlege tilskotet til administrasjon i dei kyrkjelige fellestråda dei siste åra har i denne samanhengen vore demokratisvekkande for lokalkyrkjelydane.

Vi vil også minna om at kyrkja er ein forholdsvis ny demokratiarena. Evna til å leva med ueinighet, respekt for fleirtalsvedtak og frimod mellom folk flest til å ta reell del i vedtaksprosessar treng vidare utvikling. Demokratibygging i kyrkja omfattar dermed ein vesentleg haldningsmessig endringsevne- og vilje av inngrrodde kulturelle sperringar.

Kyrkjeleg fellestråd i Kvam vil rosa arbeidsgruppa for å koma med konstruktive framlegg til å styrka valdeltakinga ved kyrkjelege val. Vi meiner likevel at arbeidsgruppa berre delvis har fanga opp dei reelle utfordringane som må løysast for å styrka demokratiet i Den norske kyrkja.

Innstillinga har eit sterkt fokus på kyrkjeleg demokrati på nasjonalt og regionalt nivå - og vala til desse organa. Lokaldemokratiet sine utfordringar er i alt for liten grad drøfta.

Fellestrådet er samd med arbeidsgruppa når det gjeld å streka under at demokrati kostar pengar. Vi meiner at dei lokale fellestråda må sikrast tilstrekkeleg økonomi til å kunna gjennomføra dei kyrkjelege vala, slik det er gjort framlegg om.

Med den tilskotsramma som ligg i framlegget vil ikkje vårt fellestråd for eksempel vera i stand til å betala godtgjering til stemmestyret, slik det er lagt opp til i innstillinga.

Vurdering av arbeidsgruppa sitt framlegg:

Kyrkjeleg fellestråd i Kvam støttar

- Kvam KF støttar at talet på leke medlemmer i Kyrkjemøtet/bispedømmeråda vert auka.
- Kvam KF støttar at ordninga med 5 medlemmer av Kyrkjemøtet vald på fritt grunnlag vert avvikla.
- Kvam KF støttar utprøving av direkte val til Kyrkjemøtet.
- Kvam KF støttar etablering av reelle valmogelegheiter ved val til Kyrkjemøte, ved at eit visst tal røysteføre kan stille kandidatar som skal førast opp på den endelige vallista.
- Kvam KF støttar framlegget om å sjå bispedøma som valkrinsar.

- Kvam KF støttar at kyrkjelige val vert lagt til ein felles offentlig valdag.
- Kvam KF støttar at valet ikkje bare vert gjennomført ”samtidig med ”, men og i eit lokale i nær tilknytning til andre offentlege val.
- Kvam KF støttar at medlemmer av valstyre og stemmestyre får godtgjering på same måte som andre valfunksjonærar. Det er ein føresetnad at fellelsrådet får tildelt midlar til å dekkja kostnadane med dette.
- Kvam KF støttar at det vert lettare å oppnå stemmerett i eit anna sokn enn der ein er busett.
- Kvam KF støttar at røysterettsalderen ved kyrkjelege val vert senka, og går inn for at denne er den same som for andre offentlege val.
- Kvam KF støttar alle tiltak som kan gjera det meir attraktivt å ta på seg kyrkjelege verv, men det må vera ein føresetnad at meirkostnaden med dei foreslegne tiltaka vert dekkja inn.
- Kvam KF støttar ei revidert ordning for nominasjon og rådgivande avstemming ved utnemning/tilsetjing av biskop, som til slutt må avgjerast av kyrkjelege organ.
- Kvam KF støttar at tilsetjing av prostar vert lagt til bispedømerådet når dette skal overførast frå kyrkjeleg statsråd.

Kyrkjeleg fellelsråd i Kvam er kritiske til

- Kvam KF finn ikkje gode grunnar for å endra nemningane frå ”råd” til ”styre” på kyrkjelege organ. At dette skal ha innverknad på demokratiseringsarbeidet i Dnk er vanskeleg å sjå.
- Kvam KF er skeptisk til preferanseval då det ikkje føreligg konkrete framlegg til korleis kandidatane sine kyrkjepolitiske standpunkt skal koma til syne.
- Kvam KF er kritiske til blandingsmodellen av direkte og indirekte val. Dette vert, etter fellelsrådet sitt syn, komplisert å formidla til veljarane.
- Dersom det likevel vert prøvd ut to ulike valmodellar vil Kvam KF støtta forslaget om at det er soknerådet som organ som stemmer og ikkje enkeltmedlemmer.


Kyrkjeleg fellelsråd i Kvam saknar i innstillinga

- Fokus på generelle tiltak som kan styrka demokratiet i lokalkyrkjelydane.
- Tiltak som kan styrka legitimiteten til lokale kyrkjelege organ.
- Opning for fleire forsøksordningar ved lokale val.
- Det vert oppretta (som forsøksordning) partsamansette utval på bispedømmenivå som får ansvar for tilsetjingar.
- Det vert oppretta forsøksordning som gir mogelegheit til å prøva direkte val også til fellelsrådsleiar.

Om dei økonomiske og administrative konsekvensane

- Kvam KF vil understreka behovet for at det vert avsett tilstrekkeleg midlar til demokratiopplæring. Hovudtyngda av dei folkevalde deltek på lokalt nivå, difor må tilskotet prioriterast til opplæring av sokneråd – og fellelsrådsmedlemmer. Når det gjeld kursing av valansvarlige lokalt og i bispedøma, støttar vi framlegget om ein særskilt sentral pott til dette kvart valår.

- Kvam KF ser bruk av valkort som eit god tiltak for å bevisstgjera veljarane om dei kyrkjelege vala. Om dette skal prioriterast vil etter vår oppfatning vera avhengig av den totale ramma som vert sett av til desse vala.


 Ingvar Teigland
 kyrkjeverje